

## Går saman om integreringsaktivitetar

09.09.2017



Nokre av dei som står bak dei gode inkluderingsstilboda. Namna finn de i teksten.

**Kvinnherad kommune har dei siste åra fått mange tilflyttarar. Fleire frivillige grupper og personar har gjort eit flott arbeid for å inkludera desse i det etablerte Kvinnherad-samfunnet. No vert desse aktivitetane og tilboda samordna, og i samband med det, har dei som står bak tilboda, sendt ut denne pressemeldinga:**

I kommunen vår har fleire integrerings- og inkluderingsaktivitetar sett dagens ljós i løpet av dei siste par åra. Laurdagskafeen på Rosendal motell, Røde Kors sin Møteplass for inkludering og Multimix er tre frivillig drivne aktivitetar som rettar seg mot menneske som er nye i landet og kommunen, samt andre som ønsker å bli kjent med nye folk. Også Kvinnherad Frivilligsentral arrangerer ulike tiltak, til dømes har dei hatt ein kvinnemøteplass, og har no starta opp ein snakkekafé. Røde Kors har også hatt ein flyktingguidekoordinator, men dette prosjektet vart avslutta ved utgangen av august.

På bildet ser de nokre av representantane for aktivitetane. Cheyenne Rørvik (f. v., Multimix), Oddrunn Steinsland (Møteplass for inkludering), Silje Nilsen (Multimix), Arne Martin Guddal Husby (Rosendal motell), Maren Guddal (Rosendal motell) og Veronica Thorsen (frivilligsentralen)

Eit uformelt samarbeid mellom dei ulike aktivitetane har det vore ei stund, men no har initiativtakarane bestemt seg for å formalisera samarbeidet, i hovudsak for å sikra samordning av når aktivitetar skal gjennomførast, slik at ein sikrar at det kjem varierte tilbod med jamne mellomrom. Samarbeidet vil også gjelda økonomi, tilrettelegging og gjennomføring, men sjølv aktivitetane vil bestå som dei er i dag. Det er sjølv sagt elles svært ønskeleg med innspel til kva ein bør ha som tema i dei ulike aktivitetane.

Det er også eit mål å laga ei oversikt over aktivitetane som er planlagt framover, slik at Vaksenopplæringa, skular og andre kan formidla når og kor ting skal skje i Kvinnherad i tida som kjem. Fram til jul er følgjande inkluderingsaktivitetar planlagt:

**30. september: Laurdagskafé på Rosendal motell**

**20. oktober: Kulturfest i kulturhuset i regi av TV-aksjonen**

**I løpet av november: Multimix**

**Jul: Julefeiring for alle på Frivilligentralen**

Helsing Kvinnherad Røde Kors, Kvinnherad frivilligsentral og Rosendal motell.

Foto: Elisabeth Berg Hass

Nett: Thor Inge Døssland